

# Årsmelding for Vats Grendautval for 2012

Grendautvalet har hatt eit godt arbeidsår og teke opp mange saker som innbyggjerane i Vats er engasjert i.

Grendautvalet tek gjerne mot fleire innspel om saker dei vil at grendautvalet skal ta opp.

## **Styret for 2012 har vore samansett slik:**

Jon Olav Velde, leiar/kasserar  
Hilde Fadnes Hølland, nestleiar  
Anne Nesheim Myhre, styremedl.  
Kristin Ove Skare, styremedl  
Severin Fatland, styremedl.  
Alf Egil Vaula, styremedl.

**Varamedl:** 1. Per Fatland

2. Magne Skrunes

**Revisor:** Haldor Skare

**Valkomite:** Bjørn Morten Stokka, Ingunn Skåsheim Ohm, Gro Karin Velde

**16. nov. 2011 hadde Grendautvalet Folkemøte/Årsmøte i Vindafjordhallen der  
om lag 70 personar var til stades.**

På folkemøtet hadde me oppe desse orienteringssakene før årsmøtesakene:

- a. Vindmølleprosjektet på Døldarheia v/prosjektleiar Reidar Pedersen
- b. AF Decom v/Evy Lærdal orienterte om demontering av Lastebøyen
- c. Tomte- og byggesaker i Vindafjord v/Leon Dyngeland
- d. Vatsvassdraget v/prosjektleiar Harald Velde
- e. Årsmøtesaker

– årsmelding for 2011, rekneskap for 2011 og val.

Både årsmelding og rekneskap vart godkjende utan merknad.

## **Grendautvalet har hatt 6 styremøte og drøfta mange saker.**

**Styremøte:** (Alle styremøta har me i eit møterom i Vindafjordhallen.)

1. 12. jan. med 12 saker
2. 22. mars med 11 saker
3. 3. mai. med 8 saker
4. 14. juni med 5 saker
5. 20. sept. med 11 saker
6. 8. nov. okt. med 4 saker

Grendautvalet har teke opp 51 saker. Dette har vore saker til drøfting, saker som er sendt vidare som særutskrifter eller saker til berre orientering.

## **Det er sendt ut 15 særutskrifter om ulike saker frå styret:**

- 12/1 –12      a. **Til Vindafjord kommune v/Linda Nordtveit.**  
                  Om opplevelses- /sansepark ved Vindafjordtunet.
- b. **Til Vindafjord kommune v/Kulturleiar Eva Kalstveit**  
                  Høyringsuttale om Kulturminne og - miljøplan i Vindafjord.
- c. **Til Vindafjord kommune v/teknisk sjef Tor Gunnar Skaar**  
                  Om gatelys frå Kårhuskrysset til Sørbøfellet.

- d. Til Stokkafeltet v/Vivian Frøland**  
Om Vats vassverk – kloring og vassledningskapasitet til feltet.
- 22/3 – 12 a. Til Vindafjord kommune v/Hildbjørg Fludal**  
Om Gatelys frå Kårhuskrysset til Sørbøfeltet.
- b. Til Statens vegvesen v/Ove Hausvik**  
Om forlengig av sykkel- og gangsti langs E 134 i Øvre Vats frå Aurdal til Eikelang og Ølensvåg. Vidare frå Knapphus til Krakk og Skjold
- c. Til Vats Musikkorps v/Sissel Wollertsen**  
Eit takkeskriv for alt det positive arbeidet korpset har lagt ned i bygda og med ynskje om at korpset blir starta oppatt etter pausen.
- d. Til AF Decom Miljøbase på Raunes v/Evy Lærdal**  
Om luftforureining ved basen.
- 03/5 – 12 a. Til Vats Sokneråd v/leiar Arild Urdal**  
Svar på søknad om å støtta kateket/kyrkjelydspedagog i kyrkjelyden.
- b. Til Klima- og Forurensingsdirektoratet (KLIF)**  
Høyringsuttale om konsekvensutredning for avvikling og disponering av Statfjord C Lastebøye (SPM-C).
- c. Til Fylkesmannen i Rogaland v/Miljøavdelingen**  
Høyringsuttale om konsekvensutredning for avvikling og disponering av Statfjord C Lastebøye (SPM-C)
- d. Til Statoil ASA**  
Høyringsuttale om konsekvensutredning for avvikling og disponering av Statfjord C Lastebøye (SPM-C)
- e. Til Vindafjord kommune v/kommunalsjef Øyvind Valen**  
Høyringsuttale om barnehageutbygging i Vats
- 20/9 – 12 a. Til Vindafjord kommune v/kommunaltekniske tenester**  
Høyringsuttale om Trafikksikringsplanen.
- b. Til Vindafjord kommune v/avd. for areal og forvalting**  
Høyring om Kårhus/Eide byggefelt.
- 04/6 – 12 Grendautvalet var på møte med kommunaleiinga, Ølen kulturhus.**  
Grendautvalet var saman med grendautvala i Vindafjord i møte med rådmann Kristian Birkeland og ordførar Ole Johan Vierdal til eit fellesmøte i Ølen Kulturhus den 4. juni 2012. Altfor få av grendautvala var med på dette møtet.
1. **Rådmann og ordførar** gav uttrykk for at grendautvala var nyttelege medspelerar for kommunen. Dei meinte at det var viktig å få eit meir formelt samarbeid her. Dei la vekt på at grendautvala måtte laga eigne vedtekter slik at dette samarbeidet kunne koma i fastare former. Dermed vil utvala bli viktige høyringsinstansar. Dei får koma med innspel i saker som vedkjem bygda dei representerer. Utvala vil lettare få økonomisk støtta av kommunen ved eit formelt samarbeid. Planen er at kommunen gir ein fast sum til kvart grendautval+ stønad etter søknad til spesielle formål.  
Vats Grendautval har laga forslag til eigne vedtekter som skal leggjast fram.
  2. **Prosjektleiar for veg- og gatenamn**, Berit Hetland, orienterte om adresseringsprosjektet i Vindafjord. Ho vil ta kontakt med grendautvala for å få hjelp til å finna namn og nr. på vegar og gater i bygdene. Det er mange formelle og faglege føringer i arbeidet som ho må setja seg inn i før sjølve arbeidet lokalt tek til.
  3. Rådmannen og ordføraren ynskjer eit slikt møte med gendautvala kvart år for å halda seg orientert om arbeidet til dei ulike grendautvala.

## **27/9 – 12 Grendautvalet var innkalla til møte med kommuneleiinga i Ølen Kulturhus.**

Alle 9 grendautvala i kommunen var innkalla til møte, men berre 5 utval var

Representerte: Skjold, Bjoa, Imsland, Vågen og Vats.

**Saker:** a. Retningsliner for økonomisk støtte for grendautvalet.

b. Kommunal planstrategi.

c. Integrering av nye innbyggjarar i kommunen.

Desse møta har vore gode og informative for grendautvalet.

## **Blomsterprosjekt/vårdugnad.**

Vindafjord løyvde ein fast sum til kvart grendautval. Vats Grendautval fekk 3000 kr.

Desse pengene fordelte utvalet mellom Vindafjordhallen og Vindafjordtunet som - kvar fekk 1500 kr til å pynta opp utforbi til 17. mai.

Takk for dette positive tiltaket frå kommunen.

## **Grendautvalet har delteke på fleire møte utanom styremøta og kan bl.a. nemna:**

1. Heile styret på møte i Ølen Kulturhus saman med alle grendautvala i kommunen 4.juni og 27. sept..
2. Jon Olav Velde i møte i Representantskapsmøte for Vindafjordhallen
3. Jon Olav Velde og Anne Nesheim Myhre i planleggingsmøte med partslaga i Vindafjordhallen for info.møte om drifta av Vindafjordhallen
4. Delteke på dugnad ved Vindafjordhallen, rydding/vedlikehald ute + bl.a. med dugnadsvakter på arrangement i hallen og ved middagsservering m.m.
5. Jon Olav Velde i 2 møte med kommune og Statens vegvesen om reguleingsplan for sykkel- og gangsti Knaphus – Kårhus.
6. Jon Olav Velde i møte med prosjektgruppa for Vatsvassdraget – strategimøte.

## **Her er ein del viktige saker som Grendautvalet har handsama og informert om:**

- a. Sykkel- og gangsti frå Knaphus til Kårhus – få til ein reguleringsplan.
- b. Vegkrysset E 134 og Rv. 46 på Knaphus.
- c. Forlenga sykkel- og gangstien langs E 134 frå Aurdalsvegen mot Eikeland og vidare til Ølensvåg.
- d. Forlenga sykkel- og gangstien langs E 134 frå Knaphus til Krakk og vidare til Skjold.
- e. Utkjørsla frå Knaphusfeltet til Rv. 46 – ei svært trafikkfarleg utkjørsle.
- f. Fullføring av veglysprosjektet i Øvre Vats langs sykkel- og gangstien på E 134 frå Øvre Vats bedehus til Aurdalsvegen.
- g. Vatsvassdraget – prosjektgruppa er i full aktivitet med ulike tiltak.
- h. Arbeida for at aktiviteten ute på AF sin miljøstasjon på Raunes ikkje forureinar..
- i. Stilla opp på dugnadsarbeid for Vindafjordhallen
- j. Vindmølleprosjektet på Døldarheia – kva skjer?.
- k. Veg- og gatenamn i Vats – hjelpe til og ha kontakt med prosjektleiaren i arbeidet.
- l. Turstiar i Vats og ”Ut på tur”-opplegg i Vindafjord.

**Vats Grendautval 21. nov. nov. 2012**

**Jon Olav Velde Hilde Fadnes Hølland Anne Nesheim Myhre Kristin Ove Skare**  
**- leiar - Nestleiar -styremedl- -styremedl.-**

**Alf Egil Vaula**  
**-styremedl.-**

**Severin Fatland**  
**-styremedl.-**